

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Næringsavdelinga  
Sak nr.: 14/7200-1

## Handlingsplan for 2015 – 2018; Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014 - 2025

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget vedtek handlingsplan 2015-2018 for verdiskapingsplanen med følgjande merknader:

1. Fylkeskommunen sin økonomiske medverknad vert vedteken gjennom fylkestinget sine budsjettvedtak og deretter vedtak i einskildsaker. Økonomiske tal i handlingsplanen er derfor å sjå på som rettleiande.
2. Overordna politisk ansvar for oppfølging av handlingsplanen er lagt til Fylkesutvalet. Dette inkluderer i det vidare arbeidet årleg vedtak av årsplan for arbeidet fram til hovudrevisjon i 2018. Ansvar lagt til hovudutvala følgjer den til ei kvar tid gjeldande arbeidsdeling mellom dei politiske utvala.
3. Fylkestinget føreset at det vert utvikla ein handlingsplan innan fornybar energi for formell handsaming i fylkesutvalet i 2015.

### Vedlegg:

Handlingsplan for 2015-2018 – Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane (FT-sak 8/14 eller [www.verdiskapingsplanen.no](http://www.verdiskapingsplanen.no))

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Samandrag

Saka gjeld handlingsplan for verdiskapingsplanen 2015 – 2018.

Fylkestinget har sett folketalsutvikling som overordna mål. Verdiskapingsplanen er eit verktøy for å skape nye attraktive arbeidsplassar. Ein hovudstrategi er å vri innsatsen mot dei næringane som veks.

I planen er deler av arbeidsområda vidareutvikla medan andre arbeidsområde må vente.

- Handlingsplanen omfattar tema nyskaping, kunnskap og bransjesatsingane sjømatnæringane, olje og gass og reiseliv.
- Satsinga innan fornybar energi må utviklast i form av ein handlingsplan i 2015.
- Det er tinga planarbeid for industri og landbruk. Arbeidsopplegget vart handsama i FU-sak 105/14

### 2. Bakgrunn for saka

### Grunnen til at saka er fremja

Fylkestinget vedtok i sak 8/14 ein verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane. Planen er både eit politisk verktøy og eit verktøy for partnerskapen («hjelparane»). Planen er ikkje eit verktøy for einskildbedrifter, men det er i næringslivet effekten av arbeidet skal vise seg.

Det er føresett at planen skal følgjast opp gjennom ein handlingsplan. I år utformar vi ein handlingsplan for 2015-2018 med eigne avsnitt spesielt for 2015. Seinare er det føresett at regional planstyresmakt skal vedta årsplan for arbeidet.

### Historikk - tidlegare vedtak

Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane: Fylkestingssak 8/14

Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane. Opplegg for arbeid med industristrategi og ei satsing på landbruk: FU-sak 105/14

### Ein partnerskapsplan og eit politisk dokument

Handlingsplanen handlar om eit samarbeid mellom likeverdige partar. Dette syner seg m.a. gjennom at dokumentet er sydd saman basert på innspel frå fleire. Det vert vurdert som viktigare at ulike bidragsytarar kjenner att sine diskusjonar enn at dokumentet får ei gjennomført einskapleg form.

Verdiskapingsplanen er ein partnerskapsplan der fylkeskommunen har fleire roller:

- Fylkeskommunen er regional planstyresmakt.
- Fylkeskommunen er leiar av partnerskapen.
- Fylkeskommunen er partner i arbeidet på lik line med andre partnarar.

I plandokumentet er det formulert politiske problemstillingar for å få fram at nokre oppgåver først og fremst er politiske. Eit utdrag av dei formulerte politiske problemstillingane er lista opp nedanfor.

Fylkestinget gjer vedtak om fylkeskommunen si prioritering av ressursar i arbeidet. Partnarane må sjølve gjere vedtak om omfanget av si deltaking.

## **3. Politiske problemstillingar formulert i verdiskapingsplanen**

I verdiskapingsplanen er det forsøkt å skape sterkare medvit om skilnaden mellom fagleg og politisk arbeid. Dette skiljet er ikkje skarpt. Vi kan sjå opplistinga av politiske problemstillingar i verdiskapingsplanen som eit uttrykk både for at partnerskapen anerkjenner at nokre oppgåver primært er politiske, og at partnerskapen ønskjer politisk drahjelp knytt til dei formulerte problemstillingane.

Temaet politiske problemstillingar er ikkje vidareutvikla i handlingsplanen. I sjølve handlingsplanen er det skrive at arbeidet for gode rammevilkår er den viktigaste politiske oppgåva. Utdraget som følgjer, vert teke med i saksframstillinga for å understreke oppgåver som krev særskild merksemd i det politiske arbeidet.

### **Infrastrukturutvikling**

I avsnitt 6.4 i verdiskapingsplanen er det formulert innsats innan desse 4 infrastrukturuområda:

- Kunnskapsinfrastruktur
- Samferdsleinfrastruktur
- Breiband og mobil infrastruktur
- Ressursplanlegging og arealplanlegging.

### **Nyskaping**

Innleiingsvis i planprosessen omtalte vi arbeidet med nyskaping som «infrastruktur for nyskaping». Innhaldet handlar derfor i stor grad om politikk:

- Offentlege tenester
- Utvikling av næringsapparatet

- Tilrettelegging for entreprenørskap
- Verkemiddelpolitikk.

Det vert derfor ikkje trekt ut særskilde politiske problemstillingar frå dette arbeidsområdet

### Satsingane

Teksten nedanfor er direkte utdrag frå avsnitt i verdiskapingsplanen.

### Kunnskap

- Utflytting av statlege arbeidsplassar frå sentrale område; mellom anna for å styrkje næringsmiljø.
- Utvikling av opplæringsinfrastrukturen:
  - Ved hjelp av ny teknologi.
  - Ved betre samspel mellom vidaregåande opplæring og høgare utdanning.
- Regjeringa signaliserer ønskje om større universitets-høgskule einingar. Vi må overvake kva konsekvensar dette får for nærleik forskning – arbeidsliv.

### Fornybar energi

Rammevilkåra rundt næringa er mange. Prosessar for å avklare areal- og interessekonflikter er kjende og viktige. Fylkeskommunen har arbeidd med arealavklaringar for småkraft og for vindkraft.<sup>i</sup>

Ulike reglar og reguleringar innan fornybar energi pålegg næringa store ekstra kostnader.

Viktige politiske problemstillingar er:

1. Utvikle samarbeid i energibransjen for å utvikle eit sterkt næringsmiljø i Sogn og Fjordane.
2. Handsamingstid for konsesjonar for fornybar kraft – elsertifikat etter 2020.
3. Grunnrenteskatt.
4. Regionalnett – tariffar.
5. Vassdirektivet/vilkårsrevisjon.

Desse infrastrukturtiltaka vert trekte fram som særleg viktige:

- Utdanning – Studieplassar på elektro i fylket. (Næringa ønskjer fleire klasser innan elektro på dei vidaregåande skulane i fylket.)
- Breibandutbygging.

### Sjømatnæringar

- ✓ Prioritere kunnskapsutvikling for å sikre berekraftig utvikling av sjømatnæringane.
- ✓ Påverknad nasjonalt og internasjonalt for å redusere risiko for ureining av havmiljøet. Sjømatnæringa er avhengig av reint vatn i kyst og fjordstrok, for å kunne oppretthalde hausting av fiskeressursar og auke oppdrettsproduksjon.
- ✓ Kunnskapsgrunnlag for å avklare interesser og sikre forsvarleg miljøtilstand:
  - Mogeleg handtering av utrangerte oljeplattformer eller reparasjon og vedlikehald av oljeplattformer må i tilfelle sikrast i høve ureining langs kysten.
  - Sogn og Fjordane har enno god plass til fleire akvakulturlokalitetar og auka produksjon gitt at kunnskapsgrunnlaget vert utvikla. Vi bør arbeide for at nye konsesjonar kjem til fylket.
- ✓ Arbeide for å oppretthalde lokalt eigarskap gjennom å sikre gode rammevilkår for små og mellomstore sjømatbedrifter.
- ✓ Arbeide for ringverknader ved at vertskommunane får ein rimeleg del av verdiskapinga.
- ✓ Politisk arbeid for å utvikle verkemiddelordningar som styrkjer innovasjon og nyskaping:
  - Styrkje ordningar med offentlege utviklingsmidlar/ eigenkapital i perioden mellom gründerfasen og kommersialisering.
  - Politisk påverknad for å utvikle nasjonale finansieringsløysingar for å støtte teknologiutvikling og utprøving av pilotar (prototypar).

<sup>i</sup> <http://www.sfj.no/cmssff/cmsspublish.nsf/pages/partnarskap>

- Prioritere bedriftsutviklingsmidlar retta inn mot produkt- og marknadsutvikling (ref. delmål 1.2). Konkurransetilhøva for industrien krev spissa satsing på kvalitetsprodukt som er tilpassa direkte konsum.
- Storparten av verdikjeda for torskeoppdrett er lokalisert til vårt fylke. Det er behov for å ta vare på kompetansen som er bygd opp rundt torskeoppdrett og marin yngelproduksjon.

### **Reiseliv**

Reiselivsnæringane i distrikts-Norge er avhengig av nasjonale rammevilkår for å utvikle seg, og for at ressursane i fylket kan nyttast fullt ut. Nedanfor er det lista opp kritiske suksessfaktorar som må løftast politisk for å nå måla.

- Fellesgodefinansiering.
- Offentleg finansiering av destinasjonsselskap som pådrivarar for reiselivsutvikling i sine regionar.
- Utnytting av verneområde i fylket til bruk i reiselivsverksemd.
- Trong for utvikling av gode måleverktøy for utvikling av reiselivsnæringa med omsyn til mellom anna gjestedøgn.

### **Olje og gass**

Mandatet til petroleumsrådet er å arbeide for å styrkje industriell utnytting av olje- og gassressursane i Sogn og Fjordane. Petroleumsrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan olje- og gassektoren og prioritere særleg desse felta:

- Feltutbyggingar
- Ilandføring
- Industriell utnytting av gass på land
- Florø som drifts- og baseby
- Konesjonsrundar.

Petroleumsrådet skal representere fylket når det gjeld kontakt med oljeselskap, styresmakter og andre. Vedtektene definerer ikkje tydelege eksplisitte mål for arbeidet, men i lys av utviklingsanalysen, vil naturlege målsettingar vere:

- Vekst i petroleumsrelatert sysselsetting og i Sogn og Fjordane.
- Fleire operatørselskap etablert i Sogn og Fjordane (og fleire arbeidsplassar innan operatørselskapa).
- Fleire leverandørselskap innan sektoren etablert i Sogn og Fjordane (og fleire arbeidsplassar innan desse).
- Fleire funksjonar til fylket og høgre kompetanseinnhald i denne delen av næringslivet.

For å sikre eit sterkast mogeleg petroleumsmiljø i fylket, er det viktig at vi prioriterer miljøet knytt til oljebasen i Florø. Underleverandørar til petroleumsaktiviteten kjem frå ulike delar av fylket.

## **4. Vurderingar og konsekvensar**

Skal vi nå måla i verdiskapingsplanen, må det arbeidast heilskapleg. Finansiering av aktiviteten må supplerast med tydeleg ansvarsfordeling og effektive arbeidsmetodar. Ofte vil utvikling av ny kunnskap vere ein føresetnad for å bruke tid og pengar på ein god måte. Innan juridiske verkemiddel er det rom for regionalt skjønn. Juridiske verkemiddel har det synt seg vanskeleg å trekke inn i planarbeidet.

Det er eit formelt krav at ein regional plan skal følgjast opp med årleg handlingsprogram. Årsplanane som kjem framover vil handle mest om prioritering av aktivitet, ev kursjustering og økonomiske ressursar til arbeidet.

#### 4.1. Organisatorisk

##### Politisk arbeid:

Dei politiske problemstillingane vert følgde opp enten ved saker initiert av fylkesrådmannen, gjennom samarbeidet i næringsforum eller gjennom politiske initiativ formidla som tinging til fylkesrådmannen.

Satsinga fornybar energi vil bli planlagt og organisert i 2015. Ei landbruks-satsing vert utvikla med siktemål vedtak i 2016. Ein industristrategi er tinga for vedtak i 2015.

##### Partnerskapsarbeidet:

Å utforme forpliktande samarbeid krev tid. Handlingsplanen er uttrykk for kor langt vi har kome hausten 2015. Planen skal følgjast opp og partnerskapen på leiarnivå, næringsforum, vil ha minst 5 årlege møte. Viktige føremål med desse møta er mellom anna å klargjere ansvars og rolle-delinga for å nå måla vi har sett i planen.

Arbeidet er ikkje ferdig organisert. Mellom anna har det vore eit ønskje at nokre operative einingar som t.d. programstyre vert oppnemnde når arbeidet er noko meir avklara. Dette gjeld innan kunnskap og sjømatnæringar. Desse gruppene er føresett oppnemnde gjennom drøfting i næringsforum og formelt utført av fylkesrådmannen.

Trong for partnerskapsavtalar er i hovudsak dekkja gjennom denne handlingsplanen inkludert planlagt oppfølging. I handlingsplanen for næringsforum er samarbeidet med kommunane gjennom KS og samarbeidet med Høgskulen i Sogn og Fjordane prioritert for utforming av meir detaljerte partnerskapsavtalar.

#### 4.2 Finansiering

Partnerane har kvar sine budsjettprosessar som årleg skal bli stilt saman i ein samla årsplan. Årsplanane som kjem framover vil handle mest om prioritering av aktivitet, ev kursjustering og økonomiske ressursar til arbeidet. Årsplanen skal vedtakast av regional planstyresmakt. Fylkesrådmannen føreslår at dette vert løyst ved at fylkesutvalet får delegert denne oppgåva frå fylkestinget slik at ei sak kan fremjast i januar/februar basert på mest mogeleg avklara budsjettvedtak i partnerskapen. Fylkesrådmannen vil drøfte dette framlegget med partnerskapen før endeleg konklusjon vert trekt.

Privat kapital må delfinansiere deler av utviklingsarbeidet. Privat kapital er lettare å få mobilisert etter kvart som arbeidsoppgåvene vert konkretiserte.

I tillegg til finansiering av felles utviklingsarbeid er det viktig å synleggjere dei etterspørselstyrte verkemidla. Verdiskapingsplanen vil bli brukt som utgangspunkt for å formulere retningslinjer og føringar for offentlig verkemiddelbruk. Dette gjeld retningslinjer for kommunale næringsfond og føringar for verkemiddelbruken i Innovasjon Norge. NAV vil målrette sine individretta verkemiddel inn mot satsingane.

#### 4.3 Juridisk verkemiddel

Juridiske verkemiddel kan bli ein del av satsingane ved å:

- Definere regionalt handlingsrom og formulere retningslinjer (policy) som bygger opp under satsingane.
- Drive lobbyarbeid retta mot nasjonale (og internasjonale) styresmakter for å auke det regionale handlingsrommet.

Dei formulerte politiske problemstillingane syner at partnerskapen har identifisert viktige politiske rammer som kan vere hinder for arbeidet. Det handlingsrommet som ulike regelverk gir, er i liten grad forsøkt presisert så langt i arbeidet.

Regelverket gitt i plan- og bygningslova vil bli brukt til å legge til rette for akvakulturnæringa. Her er det kopling mot regelverket til Mattilsynet (smittevernsone t.d.) og til naturvern (nasjonale laksefjordar t.d.).

Innan reiseliv er det koplingspunkt til natur- og miljøforvaltning (berekraftig reiseliv). Avveging av bruk og vern handlar m.a. om å nytte det handlingsrommet regelverket opnar for.

Innkjøpsregelverket bør vurderast til fordel for innovasjon og nyskaping. Dette er prioritert i arbeidet med nyskaping. Konkurransereguleringa bør brukast for å hjelpe fram konsulentbransjen

(kunnskapsintensive tenesteytande næringer) ved at det offentlege har gode retningslinjer for kva halvoffentlege og offentlege utviklingselskap skal arbeide med.

Tradisjonen vår ser ut til å vere at juridiske verkemiddel vert tekne i bruk etter kvart som arbeidet vert konkretisert. Det vert «litt teoretisk» å arbeide med juridiske verkemiddel som del av overordna planlegging. Ulempa er at det formelle høvet ein regional plan gir gjennom plan- og bygningslova til å lage formelle føringar, ikkje vert nytta.

Det er slått fast at prinsipp for samfunnsansvar og berekraftig utvikling skal gjennomsyre arbeidet. I praksis betyr dette at vi ikkje skal prioritere arbeid som er basert på sosial dumping eller på ikkje-akseptable miljøverknader. Tiltak som er positive for folkehelsa skal prioriterast.

#### **4.4 Ny kunnskap som føresetnad for utviklingsarbeidet**

Partnarskapen kan bruke kunnskapsutvikling som eit verkemiddel. Satsinga kunnskap avspeglar dette. Bransjesatsingane er i stor grad innretta mot dei viktige naturressursane vi rår over. Kunnskapsutvikling er viktig både for den offentlege forvaltninga og for næringslivet. For det offentlege er kunnskapsutvikling avgjerande for å nytte både pengar og regelverk på ein god måte.

For fylkeskommunen er det viktig å greie å utvikle vidaregåande opplæring også som eit verkemiddel for regional utvikling. I handlingsplanen har næringsforum formulert kva suksessar dei ønskjer sjå tilbake på i 2018. Ein ambisjon er vidaregåande skular som kompetansesenter i samarbeid med høgskular og andre kunnskapsmiljø. Ein slik ambisjon vil også krevje politisk merksemd. Arbeidet må utviklast stegvis. Vi må begynne med utvalde institusjonar og utvalde utviklingstema.

#### **4.5 Samla vurdering**

##### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Arbeidet med planen vil ha budsjettkonsekvensar for fylkeskommunen. Handlingsplanen er forsøkt harmonisert med budsjettprosessane i partnarskapen. Det er likevel tal i budsjettet som er usikre. Det vil alltid vere slik at partnarane sine formelt vedtekne budsjett går framfor handlingsplanen dersom det ikkje er fullt samsvar. Det er også slik at budsjetterte summer ikkje betyr at løyving er sikra. Det skal ligge til grunn gode prosjektplanar som vert vurderte før endelege løyving.

##### Rettslege konsekvensar

Ein regional plan er bindande for partnarskapen. Denne bindinga vil likevel ikkje kunne bli av rettsleg art.

##### Personalpolitiske konsekvensar

Det er ført opp vekeverk i handlingsplanen. I første omgang er det berre ført opp vekeverk på fagleg ansvarlege. Det har vist seg at fylkeskommunen som leiar av partnarskapen må arbeide med felles arbeidsmetodikk og ta ansvar for opplæring.

##### Plankonsekvensar

Verdiskapingsplanen med handlingsplan bør leggje føringar for budsjettering hos partnarskapen.

##### Klima- og miljøkonsekvensar

Arbeidet med sjømatnæringsane og reiselivet har miljøkonsekvensar som er nemnt i verdiskapingsplanen. Satsinga på olje og gass har velkjende miljøkonsekvensar som vert handterte på nasjonalt nivå.

##### HMT

Ingen kjende konsekvensar.

##### Andre konsekvensar: Integrering, mangfald, likestilling, universell utforming e.l

Integrering er prioritert som samarbeidstema med kommunane.

## **5. Konklusjon**

Jf. tilråding til vedtak.